

Fotballsesongen 2023

Møte for trenarar, lagleiarar og foreldre tysdag 18.april kl.19

Auditoriet ved Hafslo BU-skule



AVERY DENNISON NTP



Luster Sparebank

**INTERSPORT
SOGNDAL**



Fotballsesongen 2023

**Velkomne til felles møte for trenarar,
lagleiarar og foreldre**

Samfunnsbygget på Hafslo, Auditoriet

Tysdag 18.april 2023 kl 19

Fotballgruppa Hafslo IL



Styret i Fotballgruppa 2023

- Karita Nes, leiar
- Elin Anette Hillestad, nestleiar og Fair Play-ansvarleg
- Norill Terese Norheim, kamp- og dommaransvarleg, landslagsskuleansvarleg
- Ann Kristin Torgersen, miniputtansvarleg
- Jan-Erik Røneid
- Tormod Tufte Tyssen

Medlemsskap Hafslo IL 2023

- Kr.300 for enkeltmedlemsskap. Kr. 750 for familiemedlemsskap. NB: Luster Sparebank sponsar medlemsskap for born og unge 0-18 år i 2023. Sjå meir informasjon på heimesida: <https://hafslo-il.no/2023/01/gratis-medlemsskap-i-hafslo-il-for-born-og-unge-i-2023-sponsa-av-luster-sparebank/>
- NB: Hugs påmelding via eige [skjema på heimesida](#)

Treningsavgift Hafslo IL 2023

Trenings-/deltakaravgifta for sesongen 2023 er:

0 - 5 år: kr. 0

6–9 år: kr 250

10–14 år: kr 500

15–19 år: kr 750

Senior fotball herrer: kr 1500 (frå 20 år og oppover)

Senior fotball damer: kr 1000 (frå 20 år og oppover)

NB: Det er berre krav om ei trenings-/deltakaravgift uansett kor mange idrettar ein deltek i for HIL

Luster Fritidsfond

- Lenkje til informasjon på Luster kommune si heimeside: [Luster Fritidsfond](#)
- Økonomisk støtteordning for born og unge i alderen 6-18 år
- Formål: Økonomi skal ikkje vere hinder for deltaking i fritidsaktivitetar i Luster
- Føresette kan ta kontakt med trenar, lagleiar leiar eller medlemsansvarleg Erna Hamrum
- Søknaden er anonym, og det er berre du/din familie, trenar, lagleiar og medlemsansvarleg som veit om søknad om eventuell støtte

Dugnad fotballsesongen 2023

- Alle foreldre og seniorspelarar **MÅ** jobbe 2 dugnadsvakter på Lerum Cup 2023 (23.-25. juni) eller betale 1 500 kr per familie eller seniorspelar for fritak for dugnad på Lerum Cup 2023
- Dugnadsskjema vert sendt ut innan utgangen av april
- Tillitsvalde og hovudtrenar er fritekne frå ordinær dugnad, men må delta på felles dugnad i forkant. Andre trenarar/lagleiarar må bidra med 1 ordinær dugnadsøkt i samband med cupen, anten i forkant eller under cupen, dette kan avtalast
- Dugnadsalternativ: Kiosk eller parkering
- Foreldre må stille på dugnad for egne lag gjennom sesongen (køyring, kiosk mm.)
- Miniputt-foreldre må stille på dugnad i samband med turnering 11.juni.
- Andre fellesdugnader (loddsal Haustmarknad mm.)



Fair Play er viktig!

- Fair Play- ansvarleg i Hafslo IL er Elin Anette Hillestad
- Informasjon om Fair Play på [kretsen sine sider](#)
- Alle lag SKAL ha ein Fair Play-ansvarleg
- Både foreldre, trenarar og spelarar har ansvar for Fair Play under trening og kamp
- Det er viktig å ha stort fokus på gode haldningar for å sikre at alle skal oppleve det som trygt, kjekt og sosialt å vere med på fotballaktivitetar i Hafslo IL!

Miniputt-sesongen 2023

- **Treningstider:**

Måndagar og onsdagar kl.1730-1830 (19)

Oversikt over treningstider kjem så snart tilhøva gjer det mogleg

- **Miniputt-turneringar (Kongleriket):**

Søndag 7.mai - Lærdal

Søndag 11.juni - Hafslo

Søndag 27.august – Øvre Årdal

Søndag 17.september – Kaupanger

- Hafslo IL er i pulje med Lærdal, Jotun, Kaupanger, Aurland, Årdalstangen
- Info om andre aktuelle turneringar kjem



Samarbeidslag aldersbestemt og senior 2023

- Målet er eit fotballtilbod til alle som ønskjer det i 2023!
- Hafslo IL har etter dialog mellom fotballgruppene sidan i haust inngått **samarbeid** med IL Bjørn og IL Fanaråk sesongen 2023:

Lag/årsklasse	Antal lag	Lagnamn
J11/J12	2	Bjørn/Hafslo 1 og Bjørn/Hafslo 2
G12	1	Bjørn/Hafslo
J13/14	1	Bjørn/Hafslo
A-lag damer	1	Bjørn/Hafslo
A-lag herrer	3	Hafslo/Bjørn/Fanaråk 1 (5.div), Hafslo/Bjørn/Fanaråk 2 (6.div), Hafslo/Bjørn/Fanaråk 3 (7.div)



Samarbeidslag aldersbestemt 2023

- Klubbane har dialog om avtale om praktisk gjennomføring som enno ikkje er signert, men er samde om følgjande når det gjeld **aldersbestemte** lag:
 - Alle spelarar betalar medlemskap, treningsavgift og utfører dugnad for egne klubbar. NB: Dette gjeld også spelarar for lag som ikkje formelt er definert som samarbeidslag (eige lysbilete kjem)
 - Kostnader vert fordelt 50/50 mellom klubbane
 - Seriekampar og treningar vert gjennomført mest mogleg likt på Hafslo og i Gaupne
 - Laga spelar 50/50 i Hafslo IL og IL Bjørn sine drakter. Laga spelar i svarte shortsar og sokkar. Spelarane kjøper shorts og sokkar frå sine respektive klubbsponsorar
 - Spelarane for samarbeidslaga stiller i klede frå klubbkolleksjonen til sine respektive klubbar på treningar og kampar



Samarbeidslag senior 2023

- Alle spelarar betalar medlemskap, treningsavgift og utfører dugnad for egne klubbar
- Kostnader vert fordelt mellom klubbane
- Seriekampar og treningar vert fordelt mest mogleg likt på Hafslo, Gaupne og Skjolden (for herrer senior)
- Laga spelar 50/50 i Hafslo IL og IL Bjørn sine drakter. Laga spelar i svarte shortsar og sokkar. Spelarane kjøper shorts og sokkar frå sine respektive klubbsponsorar
- Spelarane for samarbeidslaga stiller i klede frå klubbkolleksjonen til sine respektive klubbar på treningar og kampar
- For senior herrer er det ønskje om nytt felles draktsett for dei tre ulike samarbeidsklubbane. Inntil dette er på plass, spelar Hafslo/Bjørn/Hafslo 1, 2 og 3 på seniornivå for herrer med drakter med jamn fordeling mellom samarbeidsklubbane i kampar sesongen 2023 (som for aldersbestemte lag)



Generelt om samarbeidslag 2023

- For lag/årskull som ikkje har egne samarbeidslag sesongen 2023, så gjeld følgjande:
 - Spelarar i årskull som ikkje har samarbeidslag, kan spele på lag i hhv. Hafslo IL og IL Bjørn utan å måtte betale dobbelt medlemskap, treningsavgift eller utføre dugnad for klubben dei spelar for. Dvs at dei kan spele for hhv. Hafslo IL eller IL Bjørn i slike tilfelle utan ekstra kostnader
 - Reint praktisk må spelarane i desse tilfella melde overgang til hhv. Hafslo IL eller IL Bjørn sesongen 2023
 - Klubbane må evaluere samarbeidet fortløpande gjennom sesongen, og finne gode løysingar på eventuelle utfordringar




Informasjon og kontaktpersonar

- Informasjon om treningstider, kampar mm. vert lagt ut på heimesida vår www.hafslo-il.no og på FB-sida vår
- Aktuell informasjon vert også fortløpande sendt ut per e-post til alle foreldre
- Vi ber om at alle innspel og kommentarar om trenarar, treningsopplegg, uheldige «episodar» mm., vert sendt per e-post til leiar@hafslo-il.no eller per telefon eller per Messenger til styreleiar Ove Midtbø på tlf. 41375655



SPØRSMÅL?



LUKKE TIL MED SESONGEN!!